

Møtereferat

Dato: 11.09.2018

Emne:	Fv 7 som omkøyringsveg - møte med Kvam herad og Statens vegvesen	
Til stades:	Frå Kvam herad: Jostein Ljones, Anita Hesthamar Frå Statens vegvesen (SVV): Grethe Vikane, Ole Endal Svåsand Frå Hordaland fylkeskommune: John Martin Jacobsen, Bente Utne (referent)	
Forfall:		Sak: 2018/13843-2
Møtetid:	11.09.18 klokka 08.30-10.00	Møtestad: Fylkeshuset, Bergen

Fv 7 som omkøyringsveg – møte med Kvam herad og Statens vegvesen

Bakgrunn

Utgangspunktet for møtet var ordførar Jostein Ljones sitt brev til Hordaland fylkeskommune av 31.08.2018, med bakgrunn i dei store trafikale problema mellom Ålvik og Granvin den 30. august. Kvam herad og ordførar Ljones har fått mange klager og kommentarar om dei store trafikale problema denne dagen.

Beredskapsplanen når E16 er stengt

Statens vegvesen gjorde greie for beredskapsplanen når E16 er stengt mellom Trengereid og Voss:

Beredskapsplanen har to trinn; trinn 1 er trafikkdirigentar ut i Granvin, Fykkesund og Kvanndal, og vidare i trinn 2 der det er leidebilkøyring mellom Fykkesund og Granvin. Det er byggjeleiar på dagtid mellom klokka 8-16, og byggherrevakt utanom dette, som avgjer iverksetjing av beredskapsplanen. Det er entreprenør for driftskontrakten som utfører beredskapsplanen.

Statens vegvesen understrekar at Fv 7 ikkje er dimensjonert til å ta imot dei ekstra trafikkmengdene frå E16. Beredskapsplanen, og spesielt trinn 2 med kolonnekøyring, vil også medføra forseinkingar for trafikantane.

Det vart understreka at beredskapsplanen eit er mellombels tiltak som ikkje løyser utfordringane for Fv 7. Spesielt ved stor trafikk er vegen utsett for trafikkork på mange smale og vanskelege parti mellom Øystese og Granvin. Alle partar var samde om at Fv 7 bør prioriterast for betring av framkome og trafikksikring så snart som mogeleg.

Spesielt om beredskapsplanen den 30. august

Statens vegvesen meinte at beredskapsplanen var iverksett, og handla deretter. Dette viste seg ikkje å vera tilfellet. Vegvesenet beklagar sterkt dette.

Endring i rutinar og beredskapsplan

Statens vegvesen vil saman med entreprenør evaluera, og gjera nødvendige endringar i rutinane. Dette for å unngå slike mistydingar for framtida, og såleis sikra at beredskapsplanen blir iverksatt i tide. Vidare blir blir

beredskapsplanen endra slik at nødvendig mannskap og utstyr skal stå klar ved oppstillingsplassane for å iverksetja kolonnekøyning straks situasjonen tilseier det. I tillegg vil Statens vegvesen vurdere elektronisk skilting.

Kvam herad ba om at det blir vurdert å setja i gang omdirigering av tunge køyretøy via Tørvikbygd og Gjermundshamn på eit tidleg stadium ved framtidige situasjonar der Fv 7 er omkøyingsveg for E16. Kvam herad vil gjerne bidra med å informera om status på Fv 7 på internett/sosiale media.

Statens vegvesen Region vest vil på vegne av Hordaland fylkeskommune svara Kvam herad på brevet av 31.08.18.